

Høyringsnotat

Utkast til forskrift om rett til innsyn i offentlig verksemd (offentlegforskrifta)

Lovavdelinga 4. september 2007

Sak nr. 200705911



JUSTIS- OG POLITIDEPARTEMENTET

Innhald

1	Hovudinnhaldet i høyringsnotatet.....	2
2	Verkeområdet til offentleglova	2
2.1	Sjølvstendige rettssubjekt	2
2.1.1	Innleiing	2
2.1.2	Unntak frå verkeområdet til offentleglova.....	3
2.1.3	Rettssubjekt med tilknytning til kommunar	5
2.1.4	Utviding av verkeområdet for offentleglova i høve til sjølvstendige rettssubjekt	6
2.2	Tilhøvet til rettsstellovene	6
3	Reglar om innsyn	7
3.1	Betaling for innsyn	7
3.2	Unntak frå retten til kopi	9
3.3	Tilgjengeleggjering av journalar på Internett.....	10
3.4	Tilgjengeleggjering av dokument på Internett	13
4	Reglar om unntak frå innsynsretten	14
4.1	Presisering av høvet til å gjere unntak for organinterne dokument.....	14
4.2	Unntak for journalar og dokument.....	15
5	Saksbehandling og klage.....	16
5.1	Innsyn i graderte dokument	16
5.2	Reglar om kven som er klageorgan	16
6	Slutføresegner – journalføring av visse organinterne dokument	16
6.1	Iverksetjing og endringar i andre forskrifter	16
6.2	Endringar i arkivforskrifta – journalføring av visse organinterne dokument	17
7	Økonomiske og administrative konsekvensar	17
8	Utkast til offentlegforskrift	18

UTKAST TIL FORSKRIFT OM RETT TIL INNSYN I OFFENTLEG VERKSEMD (OFFENTLEGFORSKRIFTA)

1 Hovudinnhaldet i høyringsnotatet

Justisdepartementet sender med dette på høyring eit utkast til forskrift til lov 19. mai 2006 nr. 16 om rett til innsyn i dokument i offentleg verksemd (offentleglova).

Det blir teke sikte på at den nye offentleglova skal ta til å gjelde frå 1. januar 2008. Ho vil avløyse offentleglova frå 1970. Det er gitt nokre forskrifter med tilknytning til den gamle offentleglova med nærmare reglar. Det blir lagt opp til at desse forskriftene skal opphevast og erstattast av éi forskrift til den nye lova.

Offentleglova vil innebere viktige endringar jamført med gjeldande lov, bl.a. når det gjeld reguleringa av verkeområdet, unntaksføresegnene og elektronisk tilgjengelegging av journalar og dokument. Dette medfører at det er behov for å regulere ein del spørsmål i forskrift som ikkje er dekte av gjeldande forskrifter. Den nye lova medfører òg behov for endringar i andre forskrifter som viser til gjeldande lov, eller som ikkje samsvarer med den nye lova. Ikkje minst er det behov for endringar i arkivforskrifta som følgje av endringane i unntaksføresegnene for organinterne dokument.

2 Verkeområdet til offentleglova

2.1 Sjølvstendige rettssubjekt

2.1.1 Innleiing

Den nye offentleglova har eit utvida verkeområde jamført med gjeldande lov. Etter § 2 første ledd vil lova som hovudregel gjelde for sjølvstendige rettssubjekt (aksjeselskap, ansvarlege selskap o.l.) der det offentlege har ein eigardel som gir meir enn halvparten av røystene i det øvste organet i rettssubjektet, eller på anna grunnlag har rett til å velje meir enn halvparten av medlemmene i dette organet. Dette gjeld likevel ikkje for sjølvstendige rettssubjekt som hovudsakleg driv næring i direkte konkurranse med og på same vilkår som private. Dette inneber at lova ikkje vil gjelde for f.eks. Statoil ASA og Telenor ASA sjølv om staten eig meir enn halvparten av aksjane med røysterett i desse selskapa. Kravet om at det offentlege må ha ein eigardel som gir meir enn halvparten av røystene i det øvste organet, eller på anna grunnlag har rett til å velje meir enn halvparten av medlemmene i dette, vil vidare innebere at nokre sjølvstendige rettssubjekt med klar tilknytning til det offentlege ikkje vil vere omfatta av lova. Eksempel på dette er stiftelsen Nasjonalmuseet for kunst og stiftelsen INTSOK.

Den avgrensinga av verkeområdet som følgjer av § 2 første ledd i lova, vil i ein del tilfelle ikkje vere treffande for sjølvstendige rettssubjekt. Derfor er det gitt forskriftsheimlar i § 2 andre ledd som på visse vilkår gir høve til å fastsetje at lova likevel ikkje skal gjelde for rettssubjekt som er omfatta av § 2 første ledd, og til å fastsetje at rettssubjekt som fell utanfor verkeområdet, likevel skal vere omfatta av lova.

2.1.2 Unntak frå verkeområdet til offentleglova

Etter § 2 andre ledd første punktum kan det fastsetjast i forskrift at lova heilt eller delvis ikkje skal gjelde for eit sjølvstendig rettssubjekt når det er "nødvendig ut frå omsynet til arten av verksemda, konkurransesituasjonen eller andre særlege tilhøve". I Ot.prp. nr. 102 (2004-2005) på er dette sagt om denne forskriftsheimelen på s. 35 andre spalte:

"For det andre meiner departementet at det også i tilfelle der det gjer seg gjeldande andre særlege grunnar enn at verksemda driv næringsverksemd i konkurranse med private, bør vere høve til å unnata sjølvstendige rettssubjekt frå verkeområdet gjennom forskrifter fastsette av Kongen. Utvalsfleirtalet foreslo også ein liknande forskriftsheimel. Det bør likevel ikkje vere kulant å gjere unnatak i forskrifter for verksemdar som oppfyller kravet til eigardel eller rett for det offentlege til å oppnemne medlemmer til det øvste organet. Etter forslaget kan det derfor berre fastsetjast slike forskrifter dersom det må reknast som nødvendig ut frå arten til verksemda, konkurransesituasjonen eller andre særlege tilhøve. For nokre rettssubjekt, f.eks. Petoro AS og Gassco AS, vil forretningsmessige omsyn tilseie at lova ikkje bør gjelde sjølv om verksemdene ikkje kan seiast å drive næringsverksemd i direkte konkurranse med og på same vilkår som private. Departementet tek sikte på å bruke forskriftsheimelen i slike tilfelle. Andre eksempel på tilfelle der det gjer seg gjeldande særlege grunnar, og der heimelen vil bli brukt, er NRK Aktivum AS og redaksjons- og programverksemda i NRK AS. Det vil også bli vurdert om andre delar av verksemda i NRK AS skal haldast utanfor lova.

Kulturinstitusjonar og forskingsinstitusjonar o.l. bl.a. innanfor universitets- og høgskolesektoren er eit anna område der det kan gjere seg gjeldande særlege grunnar som tilseier at forskriftsheimelen blir brukt. Departementet tek såleis sikte på at dokument som gjeld kunstnarleg og fagleg programmering og repertoarplanlegging i kulturinstitusjonar, skal haldast utanom lova gjennom forskrifter. For små kulturinstitusjonar vil det vere administrativt byrdefullt å vere underlagde lova. Departementet tek derfor sikte på at slike institusjonar heilt skal haldast utanom lova. Det same kan også gjere seg gjeldande for små rettssubjekt innanfor andre område."

I Innst.O. nr. 41 (2005-2006) uttalte fleirtalet i justiskomiteen på s. 6:

"Fleirtallet understreker samtidig at vilkårene for å unnta rettssubjekter etter disse hjemlene er strenge. Fleirtallet forutsetter at forskriftshjemlene blir praktisert i tråd med vilkårene og de føringene som for øvrig er gitt i proposisjonen, slik at ikke lovens hovedregel om at selvstendige rettssubjekter som det offentlige har en dominerende innflytelse over, blir uthulet gjennom forskrifter."

Både det som er sagt i proposisjonen og føringane frå justiskomiteen tilseier at denne forskriftsheimelen blir brukt forsiktig. I utkastet til forskrift foreslår departementet at lova ikkje skal gjelde for Eksportutvalet for fisk AS, Gassco AS, NRK Aktivum AS, Petoro AS, Posten Noreg AS og Statskraft SF. Forretningsomsyn taler for dette. Posten Noreg AS ville truleg falle utanfor lova allereie etter § 2 første ledd andre punktum, men det kan likevel vere grunn til å klargjere dette. Lova vil likevel gjelde i saker der

rettssubjekta gjer enkeltvedtak eller utferdar forskrift. Dette vil truleg berre vere aktuelt for Gassco AS.

Vidare blir det i utkastet foreslått ein generell regel om at lova ikkje skal gjelde for sjølvstendige rettssubjekt utan fast tilsette. Særleg innanfor kultursektoren, men også på andre område, vil det finnast rettssubjekt som berre har eit styre og ingen fast tilsette. Slike rettssubjekt vil ikkje kunne praktisere lova frå dag til dag, og dei bør derfor haldast utanom lova.

For nokre sjølvstendige rettssubjekt vil det vere særlege omsyn som tilseier at lova ikkje bør gjelde for dokument og journalinnførslar på visse saksområde. I utkastet er det foreslått reglar som gjer unntak frå lova sitt verkeområde for dokument og journalinnførslar på visse saksområde hos Folketrygdfondet, Statens investeringsfond for næringsverksemd i utviklingsland (NORFUND), NRK AS, Innovasjon Noreg og generelt for kulturinstitusjonar som er organiserte som sjølvstendige rettssubjekt. For andre dokument og journalinnførslar enn dei som er nemnde i opprekninga, vil lova gjelde.

Dokument knytte til Folketrygdfondet si forvaltning av Statens pensjonsfond – Noreg, vil i stor grad innehalde opplysningar som er underlagte teieplikt etter forvaltningslova § 13 første ledd nr. 2 eller som det kan gjerast unntak for etter offentleglova § 23 første ledd. Departementet foreslår eit generelt unntak for slike dokument med tilhøyrande journalinnførslar.

For dokument som gjeld saker om finansiering og investering hos Statens investeringsfond for næringsverksemd i utviklingsland (NORFUND) og hos Innovasjon Noreg, vil det òg vere slik at teieplikta etter forvaltningslova § 13 første ledd nr. 2 vil slå inn. Etter lov 19. desember 2003 nr. 130 om Innovasjon Noreg § 6 andre ledd gjeld offentleglova for selskapet. Det er samtidig fastsett at det kan gjerast unntak for dokument og journalinnførslar i konkrete saker om finansiering, men ikkje for positive avgjerder. Denne føresegna vil bli oppheva når offentleglova tek til å gjelde, jf. offentleglova § 34 nr. 25. Departementet foreslår at tilsvarende føresegner blir tekne inn i offentlegforskrifta. Etter lov 9. mai 1997 nr. 26 om Statens investeringsfond for næringsverksemd i utviklingsland § 5 første ledd første punktum gjeld ikkje offentleglova for fondet. Denne føresegna vil bli oppheva når den nye offentleglova tek til å gjelde, jf. offentleglova § 34 nr. 17. I St.meld. nr. 32 (1997-98) *Om offentlighetsprinsippet i forvaltningen* punkt 5.2.3.4 (s. 48-49) vart det uttrykt at den same løysinga som no gjeld for Innovasjon Noreg, også burde kunne leggjast til grunn for NORFUND. Departementet meiner at det ikkje er grunn til å behandle NORFUND annleis enn Innovasjon Noreg, og foreslår at det også for NORFUND skal vere slik at lova ikkje gjeld for dokument og journalinnførslar som gjeld saker om finansiering og investering, men at ho skal gjelde for positive avgjerder. For andre dokument hos Innovasjon Noreg og hos NORFUND vil lova gjelde på vanleg måte.

For NRK AS må det visast særlege omsyn til dokument som gjeld redaksjons- og programverksemda. Det blir lagt opp til at lova ikkje skal gjelde for slike dokument og tilhøyrande journalinnførslar hos NRK AS. Departementet har vurdert om det er behov for særskilde unntak også for andre delar av verksemda i NRK AS, men har førebels kome til at det ikkje er det. Andre dokument hos NRK AS vil dermed etter forslaget vere omfatta av lova på vanleg måte.

Særlege omsyn må også visast til dokument med tilhøyrande journalinnførslar som gjeld kunstnarleg og fagleg programmering og planlegging av repertoar i kulturinstitusjonar organiserte som sjølvstendige rettssubjekt. Det blir derfor foreslått ein generell regel om at lova ikkje skal gjelde for slike dokument. For andre dokument i slike verksemdar vil lova gjelde på vanleg måte.

I tillegg til dei tilfella som er behandla ovanfor, har departementet vurdert om Norsk Tipping AS heilt eller delvis bør haldast utanom lova. Etter lov 28. august 1992 nr. 103 om pengespill mv. § 4 gjeld ikkje offentleglova for Norsk Tipping AS. Denne føresegna vil bli oppheva når den nye offentleglova tek til å gjelde, jf. offentleglova § 34 nr. 12. Dersom det ikkje blir gitt særlege reglar i offentlegforskrifta, vil det innebære at lova vil gjelde fullt ut for Norsk Tipping AS. Sjølv om Norsk Tipping AS ikkje er utsett for direkte konkurranse frå private i den tydinga omgrepet er brukt i offentleglova § 2 første ledd andre punktum, fordi selskapet har einerett til å tilby slike typar pengespel i Noreg, er det utsett for indirekte konkurranse frå Norsk Rikstoto, som tilbyr andre typar pengespel, og frå utanlandske aktørar som tilbyr pengespel på Internett. På den andre sida vil unntaksreglane i lova sikre at konkurransesensitiv informasjon ikkje vil bli offentlig. Vidare kan ikkje Norsk Tipping seiast å vere ein vanleg kommersiell aktør, fordi selskapet er ein reiskap i den offentlege spelpolitikken som skal sikre at pengespel går føre seg på ein forsvarleg måte. Departementet har ikkje endeleg konkludert, men vil sjå resultatet av høyringa først.

2.1.3 Rettssubjekt med tilknytning til kommunar

Forslaga som er nemnde ovanfor om at lova ikkje skal gjelde for sjølvstendige rettssubjekt utan fast tilsette, og at lova ikkje skal gjelde for visse dokument og journalinnførslar hos kulturinstitusjonar organiserte som sjølvstendige rettssubjekt, vil gjelde utan omsyn til om eit sjølvstendig rettssubjekt har tilknytning til staten eller til ein eller fleire kommunar. Departementet har i tillegg vurdert om det bør gjelde særlege reguleringar av verkeområdet for sjølvstendige rettssubjekt knytte til kommunar. Departementet har kome til at dette neppe vil vere formålstenleg, fordi det her er tale om ei rekke ulike verksemdar, slik at det neppe vil vere mogleg med generelle reguleringar, og sidan det er så mange sjølvstendige rettssubjekt med tilknytning til kommunar, vil det heller ikkje la seg gjere å regulere enkeltverksemdar særskilt. Dette inneber at spørsmålet om eit sjølvstendig rettssubjekt med tilknytning til ein eller fleire kommunar utanom dei tilfella som er nemnde ovanfor, må løysast utelukkande ut frå § 2 første ledd i lova.

2.1.4 Utviding av verkeområdet for offentleglova i høve til sjølvstendige rettssubjekt

Etter forskriftsheimelen i offentleglova § 2 andre ledd tredje punktum kan det fastsetjast at lova skal gjelde for sjølvstendige rettssubjekt som er knytte til stat eller kommune jamvel om dei ikkje oppfyller vilkåra i § 2 første ledd bokstav c eller d. Bakgrunnen for dette er at avgrensinga av kva for sjølvstendige rettssubjekt lova skal gjelde for, ikkje alltid vil vere heilt treffande. Dette kan f.eks. vere tilfelle for sjølvstendige rettssubjekt som er oppretta med offentlege midlar, og som ikkje driv næring i direkte konkurranse med private, og der det offentlege ikkje har avgjerande kontroll over rettssubjektet slik dette er definert i § 2 første ledd bokstav c eller d, jf. Ot.prp. nr. 102 (2004-2005) s. 117 andre spalte og s. 118 første spalte. Departementet meiner stiftelsen Nasjonalmuseet for kunst er eit eksempel på eit slikt rettssubjekt. Denne stiftelsen er oppretta med offentlege midlar, men blir likevel ikkje omfatta av lova etter § 2 første ledd bokstav d, fordi staten ikkje har fleirtalet av medlemmene i valorganet. I utkastet er det likevel foreslått at denne stiftelsen skal vere omfatta av lova. Departementet ber om at høyringsinstansane kjem med innspel på andre sjølvstendige rettssubjekt der det kan vere aktuelt å bruke denne forskriftsheimelen.

2.2 Tilhøvet til rettsstellovene

Etter offentleglova § 2 fjerde ledd gjeld ikkje lova for gjeremål som domstolane har etter rettsstellovene, og heller ikkje for gjeremål som andre organ har etter rettsstellovene i eigenskap av rettsstellorgan, medrekna gjeremål som politi og påtalemakta har etter straffeprosesslova. Kongen kan gi forskrifter om kva lover som skal reknast som rettsstellover, og om at enkelte gjeremål etter rettsstellovene likevel skal vere omfatta av lova. Om dette blir det uttalt i Ot.prp. nr. 102 (2004-2005) s. 118 første og andre spalte:

”Fjerde ledd første punktum slår fast at lova ikkje gjeld for gjeremål som domstolane har etter rettsstellovene. Lova gjeld derimot for andre delar av verksemda i domstolane, f.eks. tilsetjingar, anna personalforvaltning, internadministrasjon, vigslar og notarialforretningar. Føreseigna inneber berre at dokument som gjeld domstolane sine oppgåver som er heimla eller som følgjer saksbehandlingsreglane i ei av rettsstellovene, fell utanfor lova. Det vil først og fremst innebære at domstolane sine dømmande oppgåver i sivile saker og straffesaker er unnatekne frå verkeområdet til lova. Enkelte forvaltningsoppgåver domstolane har, vil likevel heilt eller delvis vere regulerte i ei av rettsstellovene. Eksempel på det er saker om gebyr-fastsetjing, salærfastsetjing til forsvarar i straffesaker og til prosessfullmektigar under fri rettshjelpsordning og dødsfallregistreringar m.m. Departementet tek sikte på å gi forskrift i medhald av fjerde ledd fjerde punktum der det blir fastsett at dokument som gjeld slike gjeremål i domstolane, skal vere omfatta av lova sjølv om dei er heimla eller heilt eller delvis regulerte i ei rettsstellov. Kva lover som skal reknast som rettsstellover, vil bli fastsette i forskrift i medhald av fjerde ledd fjerde punktum. Det vil vere naturleg å oppretthalde opprekninga i gjeldande forskrift 14. februar 1986 nr. 351 til offentleglova punkt IV nr. 2, men slik at rettsgebyrlova ikkje blir teken med, og slik at lov 14. mai 2004 nr. 25 om voldgift som erstattar tvistemålslova kapittel 32, blir teken med i opprekninga.”

Departementet har i utkastet følgt opp det som er uttalt i proposisjonen, men har føyd til gjedsordningslova i opprekninga av rettsstellover. I samsvar med det siterte er det også foreslått at offentleglova skal gjelde for saker hos domstolane om gebyrfastsetjing og om salærfastsetjing til forsvarar, prosessfullmektigar og sakkunnige.

3 Reglar om innsyn

3.1 Betaling for innsyn

Hovudregelen i offentleglova § 8 er at innsyn skal vere gratis. I § 8 andre og tredje ledd er det heimel for å gi forskrift om betaling for innsyn. For saksdokument i saker innanfor kjerneområdet til offentlegprinsippet heiter det i Ot.prp. nr. 102 (2004-2005) på s. 125 andre spalte og s. 126 første spalte:

"For slike dokument skal det berre kunne givast forskrifter som heimlar betaling i tilfelle der det blir kravd svære mengder kopiar eller kopiar til svært kostnadskrevjande medium."

Etter offentleglova § 8 andre ledd første punktum kan det givast forskrift om betaling for avskrifter, utskrifter eller kopiar. I offentleglova § 8 andre ledd andre punktum er det presisert at dei samla inntektene ikkje skal vere større enn dei faktiske kostnadene ved kopiering og utsending av dokument. Offentleglova § 30 første ledd første punktum utvidar retten til kopi. Etter den nye lova vil det ikkje lenger vere noka avgrensing i kor mange papirkopiar som kan krevjast, slik som det er etter gjeldande lov § 8 første ledd. For å unngå at organ som er omfatta av lova, dermed blir påførte urimelege store kostnader ved kopiering, er det nødvendig å bruke denne forskriftsheimelen.

Departementet foreslår på denne bakgrunnen ein regel om at det kan krevjast betaling for kopiering og liknande til papir og utsending når talet på ark kjem over hundre i éi sak. Dersom det i same krav blir kravd innsyn i fleire saker slik at talet på ark til saman overstig hundre, men utan at det krevst over hundre kopiar frå same sak, vil det ikkje vere høve til å ta betalt. Dersom talet på kopiar frå éi sak overstig hundre, kan det krevjast éi krone per ark utover ark nr. 100 og i tillegg betaling for kostnadene ved heile utsendinga. Krevst f.eks. det papirkopi av 120 ark, vil det kunne krevjast 20 kroner for kopieringa og betaling for porto for heile sendinga. Etter forslaget kan fleire innsyns-krav i nokre høve bli vurderte under eitt opp mot grensa på hundre. Det vil vere høve til å sjå fleire innsynskrav frå same person i samanheng når dokumenta det blir kravd innsyn i ved eit seinare høve, allereie låg føre slik at denne personen kunne kravd innsyn i dei ved eit tidlegare høve. Denne presiseringa er teken med for å unngå at nokon omgår regelen. Departementet strekar under at forslaget ikkje er meint slik at organet pliktar å ta betalt i slike tilfelle der det er høve til det, men at det berre blir opna for det.

Det kan tenkjast situasjonar der same person ber om papirkopi av alle dokument i ei rekke saker, slik at det samla talet på ark blir svært stort utan at det går over hundre i kvar sak. Dette er etter departementet sitt syn ein kostnad ved offentlegprinsippet som forvaltninga må bere. I nokre få tilfelle vil slike krav bli framsette berre for å sjikanere organet. Departementet finn ikkje grunn til å gi reglar for å handtere slike tilfelle, men

går ut frå at alminnelege rettsprinsipp tilseier at innsyn vil kunne nektast i tilfelle der det er klart grunnlag for å tru at innsynskravet er framsett for å sjikanere organet.

Det er også foreslått at det blir høve til å ta betalt for å dekkje dei faktiske kostnadene ved kopiering til anna medium enn papir. Også her er det berre eit høve, inga plikt, til å krevje betaling. Det er presisert at dette høvet til å ta betalt ikkje gjeld når dokument blir sende som elektronisk post. Dette inneber at elektroniske kopiar som blir sende som elektronisk post, alltid vil vere gratis, uavhengig av storleiken.

I offentleglova § 8 tredje ledd er det ein heimel til å gi forskrift om betaling for informasjon som ikkje vedkjem kjerneområdet til offentlegprinsippet. Vilkåret er at "særlege tilhøve ved arten til dokumenta eller verksemda gjer det rimeleg". I desse tilfella er høvet til å ta betaling utvida. I tillegg til dei faktiske kostnadene kan ein berekne "ei rimeleg avkastning av investeringane".

I Ot.prp. nr. 102 (2004-2005) heiter det på s. 126 første spalte:

"Ein siktar her for det første til dokument som blir utarbeidde for å dekkje eit kommersielt behov hos private, f.eks. bearbeidd eigedomsinformasjon som blir tilbydd til eigedomsmeklarar og finansinstitusjonar. For det andre siktar ein til informasjonsutlevering frå offentlege verksemder som heilt eller delvis skal drivast på kommersiell basis, og der sal av informasjon utgjer ein del av innteningspotensialet. I begge tilfelle vil det dreie seg om verksemd der informasjonsutleveringa har karakter av å vere ei tenesteyting på linje med det som kan drivast av private."

I St.meld. nr. 17 (2006-2007) *Eit informasjonssamfunn for alle* punkt 6.3.7 (på s. 101 andre spalte) har regjeringa stilt opp kva for prinsipp som i utgangspunktet skal leggjast til grunn når det blir gitt reglar om prising av offentlig informasjon: "

- a. Ein kan ta betaling for kopiering, utsending eller tilgjengeleggjing av informasjon som krev særskilt kostnadskrevjande tilrettelegging, t.d. bearbeiding eller samanstilling for å dekkje behov hos private eller kommersielle aktørar. Formidlingskostnadene skal utgjere eit øvre pristak.
- b. Ein kan ta betaling for informasjon som vert produsert eller bearbeidd som ledd i vanleg offentlig verksemd utelukkande for å dekkje eit behov hos aktørar utanfor det offentlege. Her bør formidlings- og produksjonskostnadene dekkjast, men det bør ikkje reknast vinst.
- c. I den grad offentlege verksemder vert drivne på forretningsmessig basis, eller heilt eller delvis skal vere sjølvfinansierande, kan ein rekne ei rimeleg avkastning av investeringar, i tråd med EU-direktivet."

I tråd med desse prinsippa foreslår departementet at det for det første skal vere høve til å ta betalt for informasjon som blir produsert eller tilarbeidd for å dekkje eit behov hos private aktørar. Denne føresegna vil gi høve til å ta betalt for informasjon som organet ikkje produserer eller tilarbeider av omsyn til seg sjølv eller andre offentlege organ,

men fordi private etterspør denne informasjonen. Betalingssatsane i slike høve skal ikkje overstige kostnadene ved produksjon og formidling av informasjonen.

Vidare foreslår departementet at det kan krevjast betaling for eigedomsinformasjon, kart og kartdata frå Norsk Eigedomsinformasjon AS og frå Statens kartverk. Den førstnemnde verksemda skal drivast på forretningsmessig basis, og den andre skal heilt eller delvis vere sjølvfinansierande, jf. prisingsprinsipp c. Betalingssatsane for informasjonsutlevering frå Norsk Eigedomsinformasjon AS og frå Statens kartverk skal vere slik at inntektene ikkje overstig dei faktiske kostnadene ved produksjon og formidling av informasjon, med tillegg av ei rimeleg avkastning av investeringane. Dette er i samsvar med EØS-avtalen vedlegg XI nr. 5k (direktiv 2003/98/EF) om vidarebruk av informasjon frå offentleg sektor. Til slutt foreslår departementet at det også kan krevjast betaling ved utlevering av informasjon frå andre organ som skal drivast på forretningsmessig basis, eller som heilt eller delvis skal vere sjølvfinansierande. Etter forslaget vil det gjelde same avgrensing for betalingssatsane her som for Norsk Eigedomsinformasjon AS og Statens kartverk. Dei prisingsreglane som blir foreslått for Norsk Eigedomsinformasjon AS, Statens kartverk og andre organ som skal drivast på forretningsmessig basis eller heilt eller delvis skal vere sjølvfinansierande, vil femne om informasjon som ligg utanfor kjerneområdet til offentlegprinsippet, slik at offentlegomsyn ikkje i særleg grad taler mot at det skal vere høve til å ta betalt.

3.2 Unntak frå retten til kopi

Etter offentleglova § 30 første ledd andre punktum kan det som hovudregel krevjast papirkopi eller elektronisk kopi av dokument. Offentleglova § 30 første ledd femte punktum inneheld ein forskriftsheimel som gir høve til å gjere unntak frå retten til elektronisk kopi for materiale som tredjeperson har immaterielle rettar til, og frå retten til alle slags kopiar for dokument der det er påkravd av arkivtekniske omsyn.

Når det gjeld materiale som tredjepersonar har immatrielle rettar til, heiter det i Ot.prp. nr. 102 (2004-2005) s. 152 første spalte:

"Bakgrunnen for at det kan gjerast unntak frå retten til elektronisk kopi for dokument som ein tredjeperson har immaterielle rettar til, er at ein del slike dokument kan utnyttast kommersielt, og at det vil vere mykje lettare dersom ein får tilgang til ein elektronisk kopi."

Når det gjeld arkivtekniske omsyn, heiter det i Ot.prp. nr. 102 (2004-2005) s. 152 første spalte:

"Når lova skal gjelde også for dokument som er eldre enn frå 1. juli 1971, vil innsynsretten også gjelde for ein del dokument som er i ein slik stand at dei kan bli skadde eller øydelagde ved kopiering. For å ivareta dette kan det fastsetjast forskrift som gjer unntak frå retten til kopi for slike dokument."

Departementet foreslår å bruke denne forskriftsheimelen, slik at det ikkje vil vere rett til elektronisk kopi av materiale som tredjeperson har immaterielle rettar til, og at det

ikkje vil vere rett til kopi av dokument som kan bli skadde eller øydelagde ved kopiering.

3.3 Tilgjengeleggjing av journalar på Internett

Etter offentleglova § 10 andre ledd kan Kongen gi forskrift om at organ som fører elektronisk journal, skal gjere han allment tilgjengeleg på Internett, og om korleis dette skal gjerast. Regjeringa har sett i gang eit arbeid med ein allment tilgjengeleg elektronisk postjournal. Fornyings- og administrasjonsdepartementet leier dette arbeidet. I dag er det berre pressa som har tilgang til ein slik type teneste. Målet er å etablere ei ny allmenn nettbasert teneste for publisering av offentlege elektroniske postjournalar, slik at allmenta lettare kan få tilgang til journalane. Tanken er at det skal vere ein felles portal der ein skal kunne finne og søkje i journalane til alle organa som er omfatta av tenesta. Dei praktiske og tekniske ordningane som må på plass, er ein del av det arbeidet som Fornyings- og administrasjonsdepartementet leier. Forskrifta til offentleglova skal berre innehalde nokre overordna reglar om tenesta, bl.a. kven ho skal omfatte, og kva slags opplysningar journalane skal innehalde.

I Ot.prp. nr. 102 (2004-2005) s. 93 første spalte er det uttalt dette om denne forskriftsheimelen:

”Etter departementet sitt syn bør alle departementa og dei fleste direktorat og større statlege etatar ha plikt til å gjere den offentlege elektroniske journalen allment tilgjengeleg. Som omtalt i pkt. 12.2.1 er alt i dag journalane til dei fleste departementa og nokre direktorat elektronisk tilgjengelege for pressa. Det er eit grunnleggjande prinsipp at tilgangen til offentlege dokument og journalar skal vere lik for alle interesserte, og den elektroniske postjournalen bør derfor vere allment tilgjengeleg.

For små organ kan det likevel bli administrativt krevjande å gjere elektroniske journalar tilgjengelege på Internett. For andre organ kan det vere andre særlege omsyn som tilseier at journalane ikkje bør gjerast tilgjengelege på denne måten. På denne bakgrunnen foreslår departementet i staden ein forskriftsheimel som gir Kongen fullmakt til å gi føresegner om at organ som fører elektronisk journal, skal gjere han allment tilgjengeleg på Internett. Målet er at heimelen skal brukast til å forskriftsfeste slik plikt for departementa, direktorata og andre større statlege etatar som fører elektronisk journal. Det vil også bli vurdert om plikta skal omfatte fylkeskommunane og større kommunar. Etter kvart som ein vinn erfaring med ordninga, kan ho eventuelt utvidast til å gjelde for stadig fleire organ.

Departementet er ikkje einig med utvalsfleirtalet i at det skal vere opp til kvart enkelt organ korleis ordninga med elektroniske tilgjengeleggjing skal utformast. For å redusere faren for uheldige samankoplingar av personopplysningar utanfor området for lovbestemd teieplikt kan det vere behov for å avgrense søkjefunksjonaliteten, eventuelt å fjerne personnamn når dei offentlege journalane blir elektronisk tilgjengelege. Omsynet til brukarane, behovet for å sikre at teiepliktige opplysningar ikkje blir røpa av vanvare, like eins behovet for å motverke uheldige samankoplingar av personopplysningar, tilseier etter departementet sitt syn at slike spørsmål bør regulerast i forskrift.”

I samsvar med det som er uttalt i proposisjonen, foreslår departementet at departementa, Statsministerens kontor og alle dei statlege direktorata og tilsyna som fører elektronisk journal, skal gjere han tilgjengeleg for allmenta på Internett. Dette er meint å omfatta alle større statlege organ som har heile landet som virkefelt. Departementet har førebels ikkje funne grunn til å foreslå at dette likevel ikkje skal gjelde for statlege organ under ein viss storleik, men ønskjer innspel på om det f.eks. bør gjerast unntak for organ som har under eit visst tal tilsette e.l.

Utanriksdepartementet med utanriksstasjonane blir rekna som eitt organ. Likevel fører mange utanriksstasjonar eigen journal. Nokre av desse er små, og bør derfor ikkje ha plikt til å leggje journalen ut på Internett sjølv om dei fører elektronisk journal. For større utanriksstasjonar som behandlar saker av stor offentleg interesse, stiller dette seg annleis. Departementet meiner at journalane til dei største utanriksstasjonane som fører journalen elektronisk, bør vere omfatta av ordninga. Det er derfor foreslått at Utanriksdepartementet kan fastsetje at utanriksstasjonar som fører eigen elektronisk journal, skal gjere han tilgjengeleg på Internett.

I ein del høve kan det vere usikkert om eit organ er omfatta av føresegna som pålegg organ å gjere journalen tilgjengeleg på Internett. For slike tilfelle er det foreslått at det overordna departementet kan avgjere om organet skal offentleggjere journalen på denne måten. Det overordna departementet kan også fastsetje at underlagde organ som ikkje er omfatta av forskrifta, likevel skal gjere journalen tilgjengeleg på Internett. Dette er det ikkje nødvendig å seie i forskrifta.

Departementet ber allereie no om innspel på om ordninga bør omfatte andre statlege organ enn dei som er tekne med i utkastet.

På sikt, etter kvart som ein vinn erfaring, kan det bli aktuelt å utvide ordninga ytterlegare, slik at ho vil omfatte stadig fleire organ, bl.a. fylkeskommunar og større kommunar.

Innhaldet i journalen som skal gjerast tilgjengeleg for allmenta på Internett, skal i utgangspunktet vere lik den vanlege offentlege journalen. Sidan det dreier seg om ei standardisert løysing for fleire organ, må alle journalane ha same innhald. Det vil med andre ord ikkje vere rom for at nokre organ tek med tilleggsopplysningar eller har færre opplysningar enn det som er fastsette som standard. I utkastet blir det foreslått at journalane som blir lagde ut på Internett, skal innehalde opplysningar som omtalt i forskrift 11. desember 1998 nr. 1193 om offentlege arkiv § 2-7 første ledd andre punktum. Det vil ikkje vere høve til å ta med tilleggsopplysningar, f.eks. opplysningar som nemnde i forskrift 11. desember 1998 nr. 1193 om offentlege arkiv § 2-7 første ledd tredje punktum eller tredje ledd. Det skal likevel takast med opplysningar om kven som er kontaktperson for kvar enkelt sak.

Det er sannsynleg at tenesta vil føre til ein del fleire innsynskrav. Dette er nettopp formålet med ho, fordi meininga er å lette bruken av offentlegprinsippet. For å redusere meirarbeidet med å behandle innsynskrav som denne auken vil medføre, vil det bli lagt opp til at det for dokument som klart er offentlege, skal vere mogleg for brukarane å gå direkte frå journalen til dokumenta dei ønskjer å sjå nærmare på, jf. punkt 3.4 om rett til å leggje ut dokument på Internett. Dette vil f.eks. gjelde for dei fleste dokumenta i høyringssaker. Andre dokument vil eventuelt bli lagde ut etter kvart som dei blir vurderte i samband med innsynskrav. Departementet foreslår likevel ikkje reglar om dette i forskrifta, men legg opp til at det blir gitt retningslinjer om det.

Ved offentleggjing av journalar på Internett vil risikoen for spreiding av opplysningane og samankopling med andre opplysningar vere større enn når journalen berre er tilgjengeleg på papir. Ordninga reiser dermed problemstillingar som gjeld personvernet. Det er etter departementet sitt syn to ulike måtar å ta hand om dette på. Ei løysing vil vere å avgrense søkjefunksjonaliteten, f.eks. slik at det etter ei viss tid ikkje vil vere mogleg å få treff ved søk på personnamn. Dette vart foreslått i rapporten "Elektronisk postjournal – Prinsipper for etablering av en ny elektronisk postjournal-tjeneste i en åpen og brukerrettet forvaltning" frå ei arbeidsgruppe nedsette av det dåverande Arbeids- og administrasjonsdepartementet. Ein annan utveg vil vere å avgrense innhaldet i journalen slik at visse typar personopplysningar aldri vil vere ein del av journalen. Desse løysingane kan sjølvstendig også kombinerast.

I utkastet foreslår departementet ei løysing der det blir fastsett i forskrifta at visse personopplysningar ikkje skal takast med i den versjonen av journalen som blir gjort tilgjengeleg på Internett. Dette er eit unntak frå regelen om at innhaldet i journalen skal vere i samsvar med arkivforskrifta § 2-7 første ledd andre punktum. Kva for personopplysningar som ikkje skal vere med i journalen, går fram av tilvisninga til regelen som regulerer kva for opplysningar som ikkje kan takast med når dokument blir lagde ut på Internett, jf. nærmare om dette i punkt 3.4. Det vil altså vere lik regulering for journalar og for dokument på dette punktet.

Departementet har i utkastet ikkje foreslått å avgrensa i kva grad det skal vera råd å søkje på personnamn, og ønskjer innspel frå høyringsinstansane om dette. Ei ulempe ved ei slik avgrensing vil vere at tenesta blir mindre brukarvennleg, bl.a. ved at det blir vanskelegare for pressa å drive undersøkjande journalistikk enn i dag. Ein kunne sjølvstendig tenkt seg ei løysing som differensierte mellom pressa og andre brukarar, men dette vil bryte med prinsippet om at alle bør ha lik rett til innsyn. På den andre sida taler det for ei søkesperre at personvernet da blir betre sikra ved at det blir vanskelegare å etablere såkalla personprofilar.

Eit anna spørsmål som også reiser personvernproblemstillingar, er om det bør vere råd å søkje på innhaldet i dei elektroniske journalane ved hjelp av eksterne søkjemotorar, f.eks. Google, AltaVista eller Kvasir, eller om ein ikkje skal kunne få treff på innhaldet i journalane utan først å gå vegen om portalen. For brukarar som ikkje er kjende med tenesta, vil søk frå eksterne søkjemotorar gjere ho meir brukarvennleg. På den andre

sida taler personvernomsyn mot at det skal vere mogleg å få treff ved søk frå eksterne søkjemotorar, fordi dette vil gjere det lettare å etablere personprofilar. Derfor må dette også sjåast i samanheng med kva løysing ein landar på i spørsmålet om eventuell søkjesperre på personnamn. Departementet vil sjå resultatet av høyringa for ein konkluderer på desse punkta.

3.4 Tilgjengeleggjering av dokument på Internett

I offentleglova § 10 tredje ledd første punktum er det slått fast at eit organ kan, men ikkje har plikt til, å gjere dokument tilgjengelege på Internett. Unntak er gjort for opplysningar som er underlagde teieplikt i lov eller i medhald av lov. Denne føreseгна inneber ikkje noka endring i høve til gjeldande rett, men klargjer rettssituasjonen. Samtidig er det i § 10 tredje ledd andre punktum gitt heimel for Kongen til å gi nærmare reglar om tilgjengeleggjering av dokument på Internett, bl.a. reglar om at visse personopplysningar og dokument som tredjeperson har immaterielle rettar til, ikkje skal gjerast tilgjengelege på denne måten. I Ot.prp. nr. 102 (2004-2005) s. 128 andre spalte er dette sagt om heimelen for å gjere unntak for personopplysningar:

”Personopplysningar skal her tolkast i samsvar med definisjonen i personopplysningslova § 2 nr. 1. Forskriftsheimelen tek sikte på tilfelle der slik offentleggjering ikkje vil vere i tråd med personverndirektivet, eller der personvernomsyn elles tilseier at opplysningar ikkje bør leggjast ut på Internett.

Personopplysningar som blir rekna som ømtolige etter personverndirektivet, vil i stor grad vere teiepliktige etter norsk rett. Det vil likevel ikkje alltid vere slik, og det kan da vere behov for reglar som slår fast at det ikkje er høve til å gjere opplysningane tilgjengelege elektronisk. Personverndirektivet vil derimot som oftast ikkje vere til hinder for elektronisk tilgjengeleggjering av vanlege personopplysningar. EF-domstolen sin dom 20. mai 2003 (sameina saker C 465/00, C-138/01 og C-139/01) *Rechnungshof* tyder likevel på at det i gitte tilfelle også kan vere i strid med direktivet å offentleggjere visse typar vanlege personopplysningar elektronisk. Rettssituasjonen er likevel uavklart. Det vil dermed vere behov for forskriftsregulering, slik at det enkelte organ slepp å vurdere tilhøvet til personverndirektivet i kvart enkelt tilfelle.”

Departementet foreslår å følgje opp det som er uttalt her, ved at det i utkastet er lagt opp til at opplysningar som er rekna som ømtolige etter personverndirektivet og personopplysningslova, ikkje skal kunne takast med ved utlegging av dokument på Internett. Det blir vidare foreslått at opplysningar om personnummer og lønn og godtgjering til fysiske personar ikkje skal kunne leggjast ut på Internett, med unntak for opplysningar om lønn og godtgjering til personar i leiande stillingar i det offentlege og i leiande stillingar og i styret i sjølvstendige rettssubjekt. Det er også presisert i utkastet at opplysningar som er underlagde teieplikt i lov eller medhald av lov, ikkje skal kunne leggjast ut. Dette går allereie fram av lova og av føresegnene om teieplikt, men det er teke med for oversikta si skuld. Også ømtolige personopplysningar vil i mange tilfeller vere underlagde teieplikt, men ikkje alltid, slik at det har sjølvstendig verdi at dei er tekne med.

Det er vidare foreslått at materiale som ein tredjeperson har immaterielle rettar til, ikkje skal kunne leggjast ut på Internett med mindre vedkommande samtykkjer.

Til slutt er det foreslått at organ som gjer dokument tilgjengeleg for allmenta på Internett, skal opplyse kva for kriterium som ligg til grunn for utvalet av dokument. Bakgrunnen for dette er å motverke at allmenta får eit feilaktig inntrykk av det ikkje finst andre dokument hos organet enn dei som er tilgjengelege på Internett.

Departementet understrekar at forslaget berre gjeld tilfelle der dokument blir gjorde tilgjengeleg for allmenta gjennom Internett. Det vil seie at dokumenta blir tilgjengelege for alle som bruker Internett. Forslaget vil ikkje ha noko å seie for tilfelle der tilgjengeleggjering gjennom Internett er regulert av anna lovgiving, eller for tilfelle der det ikkje dreier seg om tilgjengeleggjering for allmenta, men berre for enkelte personar eller ein avgrensa krins av personar.

4 Reglar om unntak frå innsynsretten

4.1 Presisering av høvet til å gjere unntak for organinterne dokument

I offentleglova § 14 tredje ledd er det heimel for å gi forskrift om at det ikkje skal kunne gjerast unntak for organinterne dokument i bestemte statlege eller statleg tilknytte organ. I proposisjonen blir denne heimelen omtalt slik, jf. Ot.prp. nr. 102 (2004-2005) s. 54:

”Omsyna som grunngir unntakshøvet for organinterne dokument, vil i mange tilfelle ikkje slå til for dokument til den interne saksførebuinga som blir utveksla innanfor store organ. Denne problemstillinga blir behandla i høve til kommunar og fylkeskommunar i punkt 7.

Etter departementet sitt syn vil denne problemstillinga også vere aktuell i ein del statlege eller statleg tilknytte organ. Regelen om meirinnsyn vil i nokon grad kunne sikre at unntakshøvet for organinterne dokument ikkje blir brukt i fullt mon i store organ i tilfelle der omsyna bak unntaket ikkje gjer seg gjeldande. Eit viktig føremål med den nye lova er likevel å utforme reglane slik at dei blir enkle å praktisere, samtidig som unntakshøvet ikkje skal rekke lenger enn dei verkelege unntaksbehova tilseier. Departementet meiner at det derfor ikkje er tilstrekkeleg å falle tilbake på meirinnsynsregelen for å oppnå større openheit i store statlege og statleg tilknytte organ, men det bør i tillegg bli gitt reglar som fastset at bestemte dokument i slike organ ikkje skal vere omfatta av unntakshøvet for interne dokument. Spørsmålet om kva for organ og kva for dokument slike reglar skal gjelde, bør likevel utgreiast nærmare og bli sendt på høyring, blant anna slik at dei som dette kjem til å gjelde, får høve til å uttale seg før slike reglar blir fastsette. Departementet foreslår derfor i første omgang at lova får ein heimel som gir Kongen høve til å fastsetje i forskrift at det ikkje skal kunne gjerast unntak etter unntaket for bestemte organinterne dokument i bestemte statlege eller statleg tilknytte organ. Det kan blant anna vere aktuelt å bruke denne forskriftsheimelen for dokument frå administrasjonen til styret i føretak etter helseføretakslova. Dette spørsmålet må likevel sjåast i samband med arbeidet i Helse- og omsorgsdepartementet med revisjon av helseføretakslova, særleg spørsmålet om eventuell lovfesting av opne styremøtar. Det vil også vere aktuelt å bruke forskriftsheimelen for dokument frå administrasjonen til kollegial eining i universitet og høøgskolar.”

Fleirtalet i justiskomiteen uttalte i Innst.O. nr. 41 (2005-2006) på s. 10 andre spalte:

”Flertallet er tilfreds med at det legges opp til en ytterligere presisering og innsnevring av unntaket for organinterne dokumenter gjennom de forskrifter som skal gis til loven. Flertallet forutsetter at denne forskriftshjemmelen blir tatt i bruk, og at det også blir vurdert å gi forskrifter som innsnevrer unntaket også i andre tilfeller enn de eksempler som det er vist til i proposisjonen.”

Departementet foreslår å bruke forskriftsheimelen på dokument frå administrasjonen til styret i helseforetak og frå administrasjonen til kollegial eining ved universitet og høgskolar. Departementet ber om innspel frå høyringsinstansane på om heimelen bør brukast i fleire tilfelle.

4.2 Unntak for journalar og dokument

Offentleglova § 27 første ledd gir heimel til å fastsetje forskrift om at det kan gjerast unntak frå innsyn for journalar og alle dokument på saksområde der det kan eller skal gjerast unntak frå innsyn for hovuddelen av dokumenta. Slik forskrift kan berre fastsetjast når særleg tungtvegande grunnar taler for det.

Unntaksreglane i gjeldande forskrift 14. februar 1986 nr. 351 til offentlighetsloven punkt V og VI er gitt med heimel i den tilsvarende heimelen i gjeldande offentleglov § 11 andre ledd.

Unntaka i den gjeldande forskrifta er ganske omfattande. Etter departementet sitt syn bør ein i minst mogleg utstrekning ha reglar som gir høve til å gjere unntak for journalar og dokument på heile saksområde, men heller falle tilbake på dei vanlege reglane i lova som allereie i stor grad vil gi høve til unntak. Dette vil sikre at det berre blir gjort unntak når det er reelt og sakleg behov for det, og dermed vere i tråd med intensjonane bak den nye lova. I utkastet frå departementet er derfor dei fleste av unntaka i gjeldande forskrift ikkje førte vidare. Departementet foreslår at det skal gjelde unntak for dokument og journalinnførslar som gjeld enkeltsaker hos Etterretningstenesta og hos Politiets Tryggingsteneste. Dette er eit mindre vidtgående unntak enn i forskrift 14. februar 1986 nr. 351 til offentlighetsloven punkt V nr. 14, sidan det ikkje vil femne om generelle saker. På den andre sida er forslaget meint å gjelde uavhengig av kva organ dokumenta finst i. Visse administrative dokument hos Etterretningstenesta og Politiets Tryggingsteneste, vil kunne røpe informasjon om sensitive operasjonar o.l., f.eks. opplysningar i reiserekningar. I slike høve meiner likevel departementet at ein får falle tilbake på dei vanlege unntaka i lova. Departementet foreslår vidare eit unntak for dokument og journalinnførslar i enkeltsaker hos Meklingsnemnda for arbeidstakaroppfinningar. Dette unntaket skal berre gjelde når det blir kravd innsyn hos nemnda. Dette er ei innsnevring i høve til forskrift 6. april 1973 nr. 9740 for meklingsnemnda for arbeidstakeroppfinningar § 19, som slår fast at offentleglova i det heile ikkje gjeld for nemnda i dag. Denne føresegna blir foreslått oppheva.

Offentleglova § 27 andre ledd gir heimel til å gi forskrift om at det kan gjerast unntak frå innsyn for dokument i arkivdepot når det er påkravd av arkivtekniske omsyn. Denne føreseigna har samanheng med at lova også skal gjelde for dokument som er eldre enn frå 1. juli 1971. Departementet foreslår å bruke denne forskriftsheimelen.

5 Saksbehandling og klage

5.1 Innsyn i graderte dokument

Etter offentliglova § 29 andre ledd kan Kongen i forskrift gi reglar om kva organ som på ulike saksområde skal ta avgjerd om innsynskrav. Departementet foreslår å vidareføre regelen om behandling av innsynskrav i graderte dokument i forskrift 14. februar 1986 nr. 351 til offentlighetsloven punkt II.

5.2 Reglar om kven som er klageorgan

Offentliglova § 32 første ledd inneheld ein heimel til å fastsetje ved forskrift kva organ som skal være klageinstans for avgjerder tekne av statlege organ og sjølvstendige rettssubjekt som er omfatta av lova etter reglane i § 2 første ledd bokstav b til d.

Departementet foreslår at det organet som er ansvarleg for eit sjølvstendig rettssubjekt, skal vere klageinstans når dette sjølvstendige rettssubjektet har avslått eit innsynskrav. Det blir vidare foreslått at det ansvarlege organet skal kunne delegere denne avgjerdsmakta til eit underordna forvaltningsorgan. I nokre tilfelle vil fleire organ ha eigardelar eller ha rett til å peike ut medlemmer i det øvste organet i eit sjølvstendig rettssubjekt som er omfatta av offentliglova § 2 første ledd bokstav c eller d. For slike tilfelle blir det foreslått at dei aktuelle organa skal fastsetje kven av dei som skal vere klageorgan.

Det er også foreslått nokre reglar om kven som skal vere klageinstans for avgjerder tekne av forvaltningsorgan, bl.a. for å avklare situasjonar der det har vore tvil om dette. Departementet ber om innspel på andre tilfelle der det kan vere behov for avklarande reglar.

6 Slutføresegner – journalføring av visse organinterne dokument

6.1 Iverksetjing og endringar i andre forskrifter

I utkastet til iverksetjingsføresegn står det at forskrifta gjeld frå den tid Kongen fastset, og at Kongen kan setje i verk dei enkelte føresegnene til ulik tid. Siktemålet er at forskrifta skal gjelde frå 1. januar 2008, og at lova og forskrifta skal tre i kraft på same tid. Særleg på grunn av at tida kan bli for knapp til å få plass dei tekniske løysingane for å etablere ein allment tilgjengeleg elektronisk postjournal, er det opna for at enkelte føresegner kan setjast i verk seinare enn dei andre føresegnene i forskrifta. Det vil likevel ikkje dreie seg om noka lang forseinking.

Fordi nokre organ som i dag heilt eller delvis kan gjere unntak for journalane sine, ikkje lenger vil kunna halde fram med dette når offentliglova og forskrifta blir sette i verk, er det foreslått ein overgangsregel. Forslaget går ut på at utvidinga av retten til innsyn i

journalen ikkje vil gjelde for journalinnførslar som vart gjorde før iverksetjinga. Bakgrunnen for dette er at dei aktuelle organa elles ville fått eit omfattande arbeid med å gå gjennom gamle journalar for å klargjere dei for innsyn.

Frå same tid som forskrifta blir sette i verk blir det foreslått ein del opphevingar og endringar i andre forskrifter. Dette gjeld oppheving av føresegner i andre forskrifter som blir erstatta av den nye forskrifta. Vidare gjeld det opphevingar og endringar for å tilpasse dei aktuelle forskriftene til den nye lova med tilhøyrande forskrift. Ein del føresegner manglar eller vil mangle heimel når den nye lova tek til å gjelde, og blir derfor oppheva. Det blir også foreslått endringar i forvaltningslovsforskrifta for å tilpasse denne til dei endringane i forvaltningslova som tek til å gjelde samtidig med den nye offentleglova.

6.2 Endringar i arkivforskrifta – journalføring av visse organinterne dokument

Arkivforskrifta inneheld tilvisningar til den gjeldande offentleglova, og det blir derfor foreslått ein del tekniske endringar i denne.

Etter arkivforskrifta § 2-6 første ledd tredje punktum er det opp til det enkelte organ å avgjere om det vil journalføre organinterne dokument. Etter offentleglova § 14 andre ledd og § 16 vil unntaket for organinterne dokument ikkje lenger gjelde ein del dokument som teknisk sett er omfatta av dette omgrepet. Også offentlegforskrifta vil avgrense høvet til å gjere unntak for organinterne dokument, jf. punkt 4.1. ovanfor. For at innskrenkingane i unntakshøvet for organinterne dokument skal få den tilsikta effekten, er det ønskeleg å innføre journalføringsplikt for organinterne dokument som det ikkje kan gjerast unntak for på grunnlag av at dei er organinterne. I utkastet er det derfor foreslått endringar i arkivforskrifta som vil innebere journalføringsplikt for slike dokument som er omfatta av offentleglova § 14 andre ledd og § 16, og dessutan av føresegna i offentlegforskrifta som gjer unntak frå unntakshøvet for organinterne dokument.

7 Økonomiske og administrative konsekvensar

Utkastet til forskrift utfyller i hovudsak lova eller er ei gjennomføring av tiltak som var føresette å kome på plass før iverksetjinga av lova. Når det gjeld økonomiske og administrative konsekvensar, kan det derfor i hovudsak visast til utgreiinga i Ot.prp. nr. 102 (2004-2005) punkt 15 (på s. 112-113). Det er der framheva at gjeldande offentleglov har vesentlege økonomiske og administrative konsekvensar for statleg og kommunal forvaltning, og at den nye lova ikkje vil endre på dette i særleg grad. Det same gjeld forslaga i forskriftsutkastet her. Forslaget til forskrift inneber ei viss ytterlegare innstramming av unntakshøvet samanlikna med det som følgjer av lova. Dette representerer likevel berre ei oppfølging av føresetnader som allereie låg inne i proposisjonen, og hovudtanken bak den nye lova, som er å utvide innsynsretten, bl.a. ved å sikre at det berre skal vere høve til unntak når det ligg føre eit reelt og sakleg behov for det. Departementet legg til grunn at dei forslaga i utkastet som utvidar innsynsretten, ikkje vil ha vesentlege økonomiske og administrative konsekvensar, slik

at dei kan handterast innanfor gjeldande budsjettrammer. Også reglane om betaling for innsyn er ei oppfølging av proposisjonen og St.meld. nr. 17 (2006-2007), og det blir vist til utgreiinga av økonomiske og administrative konsekvensar i desse dokumenta.

Etablering av tenesta med ein allment tilgjengeleg elektronisk postjournal vil ha økonomiske og administrative konsekvensar. Kostnadene med å få tenesta på plass vil bli dekte over Fornyings- og administrasjonsdepartementets budsjett. Det vil vidare bli noko meirarbeid i samband med tilrettelegging av journalane som skal leggjast ut på Internett. Ordninga vil vidare truleg føre til ein auke i talet på innsynskrav til dei organ som er omfatta. Det siste er likevel ein tilsikta konsekvens av ordninga, sidan formålet nettopp er å auke bruken av offentleglova. Departementet legg til grunn at dei økonomiske og administrative konsekvensane ikkje vil vere større enn at dei kan handterast innanfor gjeldande budsjettrammer.

8 Utkast til offentlegforskrift

Forskrift om rett til innsyn i offentleg verksemd (offentlegforskrifta)

Fastsett ved kongeleg resolusjon 2007

med heimel i offentleglova § 2 andre og fjerde ledd, § 8 andre og tredje ledd, § 10 andre og tredje ledd, § 14 tredje ledd, § 27, § 29 andre ledd, § 30 første ledd, § 32 første ledd og forvaltningslova § 18 a andre ledd.

Fremja av Justis- og politidepartementet.

Kapittel 1 Verkeområdet til offentleglova

§ 1 Unntak frå verkeområdet til offentleglova

Offentleglova gjeld ikkje for desse rettssubjekta:

- a) Eksportutvalet for fisk AS
- b) Gassco AS
- c) NRK Aktivum AS
- d) Petoro AS
- e) Posten Noreg AS
- f) Statkraft SF.

Lova gjeld likevel i saker der rettssubjektet gjer enkeltvedtak eller utferdar forskrift.

Offentleglova gjeld heller ikkje for sjølvstendige rettssubjekt utan fast tilsette.

Offentleglova gjeld ikkje for desse dokumenta og journalinnførslane:

- a) dokument og tilhøyrande journalinnførslar som gjeld kunstnarleg og fagleg programmering og planlegging av repertoar i kulturinstitusjonar organiserte som sjølvstendige rettssubjekt
- b) dokument og tilhøyrande journalinnførslar knytte til Folketrygdfondets forvaltning av Statens pensjonsfond – Noreg
- c) dokument og tilhøyrande journalinnførslar knytte til redaksjons- og programverksemda i NRK AS
- d) dokument og tilhøyrande journalinnførslar som gjeld søknader om finansiering hos Innovasjon Noreg

- e) dokument og tilhøyrande journalinnførsalar som gjelder saker om finansiering og investering hos Statens investeringsfond for næringsverksemd i utviklingsland (NORFUND)

Bokstavane d og e gjeld ikkje for positive avgjerder.

§ 2 Utviding av verkeområdet til offentleglova

Offentleglova gjeld for desse sjølvstendige rettssubjekta:

- a) Stiftelsen Nasjonalmuseet for kunst

...

§ 3 Tilhøvet til rettsstellovene

Domstolloven, straffeprosessloven, tvisteloven, voldgiftsloven, tvangsfullbyrdelsesloven, skjønnsloven, gjeldsordningsloven, konkursloven, skifteloven og jordskifteloven skal reknast som rettsstellover etter offentleglova § 2 fjerde ledd. Offentleglova gjeld for saker om gebyrfastsetjing og om salærfastsetjing til forsvararar, prosessfullmektigar og sakkunnige.

Kapittel 2 Reglar om innsyn

§ 4 Betaling for innsyn

Det kan krevjast betaling for innsyn i form av avskrifter, utskrifter eller kopiering til papir og utsending når talet overstig hundre ark i éi sak. I slike tilfelle kan organet krevje éi krone per ark utover hundre og betaling for kostnadene for heile utsendinga (porto). Dersom same person krev innsyn fleire gonger i same sak, kan det takast omsyn til det ved vurderinga opp mot grensa etter første punktum dersom dei dokument som det blir kravd innsyn i, låg føre da eit tidlegare innsynskrav vart framsett.

Det kan krevjast betaling for kopiering til anna lagringsmedium enn papir når kostnadene i samband med dette i vesentleg grad overstig kostnadene ved kopiering til papir. Betalinga skal ikkje overstige dei faktiske kostnadene organet blir påført ved kopieringa. Det kan ikkje krevjast betaling når dokument blir sendt som elektronisk post.

Det kan krevjast betaling for informasjon som blir produsert eller tilarbeidd for å dekkje eit behov hos private aktørar. Betalingssatsane skal ikkje overstige kostnadene ved produksjon og formidling av informasjonen.

Det kan krevjast betaling for eigedomsinformasjon, kart og kartdata frå Norsk Eigedomsinformasjon AS og frå Statens kartverk. Betalingssatsane skal vere slik at inntektene ikkje overstig dei faktiske kostnadene ved produksjon og formidling av informasjon, med tillegg av ei rimeleg avkastning av investeringane. Det same gjeld for informasjon frå andre organ som skal drivast på forretningsmessig basis, eller som heilt eller delvis skal vere sjølvfinansierande.

§ 5 Unntak frå rett til kopi

Det kan ikkje givast elektronisk kopi av materiale som ein tredjeperson har immaterielle rettar til.

Retten til kopi gjeld ikkje for dokument som kan bli skadde eller øydelagde ved kopiering.

§ 6 Tilgjengeleggjering av journalar på Internett

Følgjande organ som fører elektronisk journal, skal gjere journalen tilgjengeleg for allmenta på Internett:

- a) alle departementa og Statsministerens kontor
- b) alle dei statlege direktorata og alle dei statlege tilsyna.

Utanriksdepartementet kan fastsetje at utanriksstasjonar som fører eigen elektronisk journal, skal gjere han tilgjengeleg for allmenta på Internett. Overordna departementet avgjer i tvilstilfelle om eit underlagt organ skal gjere journalen tilgjengeleg på Internett.

Innhaldet i journalar som blir gjorde tilgjengelege på Internett, skal vere i samsvar med forskrift 11. desember 1998 nr. 1193 om offentlege arkiv § 2-7 første ledd andre punktum. I tillegg skal journalen opplyse om kontaktperson.

Opplysningar som er nemnde i § 7 andre ledd, skal ikkje gå fram av offentlig elektronisk journal.

§ 7 Tilgjengeleggjering av dokument på Internett

Organ som er omfatta av offentleglova, kan gjere dokument tilgjengelege for allmenta på Internett.

Følgjande skal ikkje gjerast tilgjengeleg på Internett:

- a) opplysningar som er underlagde teieplikt i lov eller i medhald av lov
- b) opplysningar som nemnde i personopplysningsloven § 2 nr. 8
- c) personnummer og opplysningar om lønn og godtgjering til fysiske personar, med unntak for opplysningar om lønn og godtgjering til personar i leiande stillingar i det offentlege og i leiande stillingar og i styret i sjølvstendige rettssubjekt
- d) materiale som ein tredjepart har immaterielle rettar til, med mindre vedkommande tredjepart samtykkjer til det.

Organ som gjer dokument tilgjengeleg for allmenta på Internett, skal opplyse kva for kriterium som ligg til grunn for utvalet av dokument.

Kapittel 3 Reglar om unntak frå innsynsretten

§ 8 Dokument utarbeidde for eiga saksførebuing (organinterne dokument)

Unntaket i offentleglova § 14 første ledd om organinterne dokument gjeld ikkje for dokument frå administrasjonen til styret i føretak etter helseforetaksloven og frå administrasjonen til kollegial eining ved universitet og høgskolar.

§ 9 Unntak for dokument og journalar

Det kan gjerast unntak frå innsyn i dokument i arkivdepot når originaldokumentet er i så dårleg stand at det ikkje toler handtering eller kopiering, eller arkivordninga gjer det urimeleg arbeidskrevjande å finne dokumentet eller å sikre at teiepliktige eller graderte opplysningar ikkje blir leverte ut.

Det kan gjerast unntak frå innsyn i dokument og i journalinnførslar som gjeld enkeltsaker hos Etterretningstenesta og hos Politiets Tryggingsteneste. Det same gjeld i enkeltsaker hos Meklingsnemnda for arbeidstakaroppfinningar.

Kapittel 4 Saksbehandling og klage

§ 10 *Innsyn i graderte dokument*

Ved krav om innsyn i dokument som er påført gradering etter sikkerhetsloven eller beskyttelsesinstruksen, skal spørsmål om avgradering leggjast fram for den som har oppretta dokumentet, for avgjerd i samsvar med forskrift 1. juli 2001 nr. 744 om informasjonssikkerhet § 2-13 fastsett i medhald av sikkerhetsloven eller beskyttelsesinstruksen § 5.

Finn det forvaltningsorganet som mottok kravet, grunn til å tru at det ikkje kan gjerast unntak frå innsyn etter offentleglova, skal det følgje prosedyren for avgradering som er fastsett i forskrift 1. juli 2001 nr. 744 om informasjonssikkerhet § 2-9 til § 2-12.

§ 11 *Klageorgan*

Det organet som eit uavhengige forvaltningsorgan administrativt høyrer inn under, er klageorgan når det uavhengige organet har avslått eit krav om innsyn.

Det organet som har ansvaret for eit sjølvstendig rettssubjekt som nemnt i offentleglova § 2 første ledd bokstavane c og d, er klageorgan når det sjølvstendige rettssubjektet har avslått eit krav om innsyn. Organet kan i staden bestemme at eit underordna forvaltningsorgan skal vere klageorgan. Dersom fleire organ har eigardelar eller har rett til å velje medlemmer til det øvste organet i eit sjølvstendig rettssubjekt, jf. offentleglova § 2 første ledd bokstavane c og d, fastset dei kva for eit av organa som skal vere klageorgan etter første punktum i leddet her.

Ved avslag på innsyn som er gjort av Sametingets administrasjon er Sametingsrådet klageorgan.

Kapittel 5 Slutføresegner

§ 12 *Iverksetjing og overgangsreglar*

Forskrifta gjeld frå den tid Kongen fastsett. Kongen kan setje i verk dei enkelte føresegnene til ulik tid.

For organ der det tidlegare kunne gjerast heilt eller delvis unntak frå innsyn i journalen, gir ikkje offentleglova rett til innsyn i journalinnførslar som vart gjorde før iverksetjinga.

§ 13 *Oppheving av eldre forskrifter*

Frå forskrifta tek til å gjelde, blir desse forskriftene oppheva:

1. Forskrift 14. februar 1986 nr. 351 til offentlighetsloven. Delegering av myndighet.
2. Forskrift 19. desember 1986 nr. 2202 om offentlighetslovens anvendelse på dokumenter som ikke er papirbasert
3. Forskrift 2. mars 2001 nr. 183 om offentlighetslovens anvendelse på Statens nærings- og distriktsutviklingsfond

4. Forskrift 30. november 2001 nr. 1322. Delegering av myndighet til Finansdepartementet etter offentlighetsloven § 2 tredje ledd
5. Forskrift 7. oktober 2005 nr. 1116. Vedtak om Finansdepartementets råd for investeringsstrategi og forholdet til offentlighetsloven

§ 14 *Endringer i andre forskrifter*

Frå forskrifta tek til å gjelde, blir desse endringane gjorde i andre forskrifter:

1. I forskrift 17. mars 1972 nr. 3352 om instruks for behandling av dokumenter som trenger beskyttelse av andre grunner enn nevnt i sikkerhetsloven med forskrifter (beskyttelsesinstruksen) blir desse endringane gjorde:

§ 4 skal lyde:

Gradering av et dokument skal bare foretas når det kan unntas fra offentlighet i medhold av *offentleglova* og skadevirkninger som nevnt i §4 kan inntreffe.

§ 6 fjerde ledd første punktum skal lyde:

Når et dokument graderes, skal det angis hvilken bestemmelse i *offentleglova* som gir hjemmel for å unnta dokumentet fra offentlighet.

§ 7 tredje ledd skal lyde:

En part har rett til å gjøre seg kjent med sakens dokumenter for så vidt ikke annet følger av reglene i forvaltningsloven §§ 18 til 20.

2. I forskrift 6. april 1973 nr. 9740 for meklingsnemnda for arbeidstakeroppfinnelser blir § 19 oppheva.

3. I forskrift 9. august 1974 nr. 6 om fritak for og utsettelse med fremmøte i Forsvaret ved mobilisering blir punkt 81 oppheva.

4. I forskrift 25. juni 1976 nr. 5 om fastsetting av normpriser skal § 3 tredje ledd tredje og fjerde punktum lyde:

For partenes adgang til å gjøre seg kjent med sakens dokumenter gjelder bestemmelsene i forvaltningsloven §§ 18 til 21 med mindre annet følger av denne bestemmelsen. Skjønnsmessige holdepunkter og tallfesting av disse i tilknytning til skjønnet anses ikke som faktiske opplysninger og bearbeiding av faktum i forhold til forvaltningsloven § 18 c.

5. I forskrift 22. desember 1978 nr. 4 om Markedsrådets og Forbrukerrådets behandling av forbrukertvister mv. blir § 12 første ledd oppheva.

6. I forskrift 28. november 1980 nr. 7 om undersøkelseskommisjoner etter sjøfartsloven skal § 20 tredje ledd første punktum lyde:

Justisdepartementet skal i alminnelighet sørge for at rapporten helt eller delvis blir gjort tilgjengelig for partene og offentligheten, jf. *offentleglova*.

7. I forskrift 20. september 1982 nr. 3577 om tilsetting for tjenestemenn ved fylkesmannsembetene (Tilsettingsreglement) skal § 9 punkt 6 lyde:

Innstillings- og tilsettingsrådets forhandlinger er fortrolige, og medlemmene har taushetsplikt, etter *forvaltningslovens regler*.

8. I forskrift 11. januar 1991 nr. 13 Sikkerhetsbestemmelser for kraftforsyningen blir punkt 5 andre ledd oppheva.

9. I forskrift 16. januar 1996 nr. 24 om nemnd for prøving av AS Vinmonopolets beslutninger om innkjøp mv. skal § 6 a første ledd lyde:

Offentleglova får anvendelse på nemndas virksomhet.

10. I forskrift 20. desember 1996 nr. 1161 til domstolloven kapittel 11 (advokatforskriften) blir disse endringane gjorde:

§ 4-2 første ledd første punktum skal lyde:

Forvaltningsloven og *offentleglova* gjelder for Tilsynsrådets virksomhet.

§ 6-2 fjerde ledd første punktum skal lyde:

Med de begrensninger som følger av domstolloven § 226 gjelder *forvaltningsloven* og *offentleglova* for Advokatbevillingsnemndens virksomhet.

11. I forskrift 20. desember 1996 nr. 1162 til patentloven (patentforskriften) skal § 105 første ledd lyde:

Saksdokumentene til Den etiske nemnda for patentsaker er omfattet av *offentleglova* så langt ikke annet er bestemt i paragrafen her.

12. I forskrift 11. desember 1998 nr. 1193 om offentlege arkiv blir disse endringane gjorde:

§ 2-6 første ledd skal lyde:

Eit offentlig organ skal ha ein eller fleire journalar for registrering av dokument i dei sakene organet opprettar. I journalen skal ein registrere alle inngåande og utgåande dokument som etter *offentleglova* § 4 må reknast som saksdokument for organet, dersom dei er gjenstand for saksbehandling og har verdi som dokumentasjon. Organinterne dokument, jf. §§ 1-1 til 1-3, registrerer organet i journalen så langt organet finn det tenleg. *Desse organinterne dokumenta skal likevel alltid journalførast:*

a) dokument som omtalt i *offentleglova* § 14 andre ledd

b) dokument som omtalt i *offentleglova* § 16 første ledd bokstav a til d, § 16 andre ledd og § 16 tredje ledd første punktum

c) dokument som omtalt i *offentlegforskrifta* § 8.

Dokument som skal haldast utanfor arkivet etter §§ 3-18 og 3-19 i føresegnene her, skal ikkje journalførast.

§ 2-7 første ledd første punktum skal lyde:

Innføring i journalen skal skje på ein måte som gjer det mogleg å identifisere dokumentet, så langt dette kan gjerast utan å røpe opplysningar som er undergitt teieplikt i lov eller medhald av lov, eller som elles kan unntakast frå offentleg innsyn etter *reglane i offentleglova*.

13. I forskrift 6. august 1999 nr. 885 om en særskilt klagenemnd for behandling av klager over vedtak om erkjentlighetsbeløp til personer som i Norge ble rammet av antijødiske tiltak under den 2. verdenskrig skal § 2 tredje ledd lyde:

For øvrig gjelder forvaltningsloven og *offentleglova* for klagenemndas saksbehandling.

14. I forskrift 15. juni 2001 nr. 635 om svangerskapsavbrudd (abortforskriften) skal § 7 fjerde ledd lyde:

I underretningen skal det videre opplyses om retten til å se sakens dokumenter etter forvaltningsloven §§18 til 20, og at kvinnen kan gi ytterligere opplysninger om hun ønsker det.

15. I forskrift 1. juli 2001 nr. 744 om informasjonssikkerhet blir desse endringane gjorde:

§ 2-13 første ledd andre punktum skal lyde:

Innsyn skal gis i eventuell avgradert informasjon, med mindre det likevel foreligger hjemmel for unntak fra innsyn i eller i medhold av *offentleglova* eller annen lovbestemmelse.

§ 4-3 første ledd første punktum skal lyde:

I forbindelse med sikkerhetsgraden skal følgende henvisning påføres: «iht. sikkerhetsloven § 11 og § 12 jf. *offentleglova* § 13».

16. I forskrift 22. januar 2002 nr. 61 om offentlige undersøkelser av luftfartsulykker og luftfartshendelser innen sivil luftfart skal § 16 første ledd lyde:

Offentleglova gjelder for undersøkelsesmyndighetens virksomhet.

17. I forskrift 7. mai 2002 nr. 448 om systemansvaret i kraftsystemet skal § 28 overskrifta og første ledd lyde:

§ 28 *Forholdet til forvaltningsloven og offentleglova*

Forvaltningsloven og offentleglova gjelder i saker hvor systemansvarlig treffer enkeltvedtak.

18. I forskrift 16. desember 2002 nr. 1608 om tilskudd til frivillige barne- og ungdomsorganisasjoner blir desse endringane gjorde:

§ 35 overskrifta skal lyde:

§ 35 *Forholdet til forvaltningsloven. Klageadgang*

§ 39 første ledd første punktum skal lyde:

Fordelingsutvalget er et eget forvaltningsorgan som omfattes av *forvaltningsloven* og *offentleglova*.

19. I forskrift 16. desember 2003 nr. 1551 om gebyr for tjenester fra Brønnøysundregistrene skal § 2 tredje ledd første punktum lyde:

Offentleglovas regler om innsyn gjelder for innsendte opplysninger som ikke er innført i de elektroniske registre.

20. I forskrift 1. juni 2004 nr. 931 om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften) skal § 36-3 første ledd lyde:

Forurensningsmyndigheten skal sørge for at det gis anledning til å avgi uttalelse i henhold til § 36-4 til § 36-7. Disse bestemmelsene innskrenker ikke rettigheter og plikter etter *forvaltningsloven* og *offentleglova*.

21. I forskrift 25. juni 2004 nr. 988 om elektronisk kommunikasjon med og i forvaltningen (eForvaltningsforskriften) skal § 10 tredje ledd bokstav b lyde:

b) at risiko for uberettiget innsyn i opplysningene eller dokumentene er forebygget på en tilfredsstillende måte, eller når innsyn kan kreves etter *offentleglova* eller annen lovbestemt allmenn innsynsrett.

22. I forskrift 8. juni 2005 nr. 539 om engrossalg og tilvirkning av alkoholholdig drikk mv. skal § 7-8 lyde:

§ 7-8 *Taushetsplikt/innsynsrett*

Ved praktiseringen av forskriften her gjelder *offentleglova* og *forvaltningslovens* regler om taushetsplikt, og reglene om innsynsrett i lov 14. april 2000 nr. 31 om behandling av personopplysninger § 18.

23. I forskrift 16. desember 2005 nr. 1477 om saksbehandlingsregler ved opptak i barnehage skal § 5 første ledd lyde:

Forvaltningslovens regler om partsinnsyn i §§18 til 21 gjelder tilsvarende så langt det ikke er gitt særregler her.

24. I forskrift 21. desember 2005 nr. 1720 om forvaltning av tilskudd til sysselsetting av sjøfolk blir disse endringane gjorde:

§ 10 andre ledd første punktum skal lyde:

Sjøfartsdirektoratet er et eget forvaltningsorgan som omfattes av *forvaltningsloven* og *offentleglova*.

§ 22 overskrifta skal lyde:

§ 22. *Klage. Forholdet til forvaltningsloven*

25. I forskrift 7. april 2006 nr. 402 om offentlige anskaffelser skal § 3-5 lyde:

§ 3-5. *Offentlighet*

For allmennhetens innsyn i tilbud og anskaffelsesprotokoll gjelder *offentleglova*.

26. I forskrift 15. desember 2006 nr. 1456 til forvaltningsloven

(forvaltningslovforskriften) skal ny § 13 a lyde:

§ 13 a *Organinterne dokumenter i statlige og statlig tilknyttede organer*

Unntaket i forvaltningsloven § 18 a første ledd om organinterne dokumenter gjelder ikke for dokumenter fra administrasjonen til styret i foretak etter helseforetaksloven og fra administrasjonen til kollegial enhet ved universiteter og høyskoler.

27. I forskrift 22. desember 2006 nr. 1617 om garantiordning for skadeforsikring skal

§ 1-3 lyde:

§ 1-3 *Anvendelse av offentliglova og forvaltningsloven*

(1) *Offentleglova* får anvendelse for garantiordningens virksomhet.

(2) *Forvaltningsloven* kapittel II, § 13 til § 13 f, §§ 18 til 21 og § 35 gjelder for garantiordningens virksomhet. I forhold til vedtak om utbetaling fra garantiordningen gjelder § 23 til § 25 og § 27, samt kapittel VI så langt de passer.